



# **HORNINDAL KOMMUNE**

## **SENTRALADMINISTRASJONEN**

**Mottakarakar:**

|                       |                    |      |            |
|-----------------------|--------------------|------|------------|
| Balestrand kommune    | Kong Beles v. 20   | 6899 | BALESTRAND |
| v/rådmann Vidar Roset |                    |      |            |
| Kommunal- og          | Postboks 8112 Dep  | 0032 | OSLO       |
| regionaldepartementet |                    |      |            |
| Kommunenes            | Postboks 1378 Vika | 0114 | OSLO       |
| sentralforbund        |                    |      |            |

**Vår ref.**  
07/911-4/103 / /EN


**Dykkar ref.**

**Dato:**  
18.12.2007

### **Inntektssystemet for kommunane - melding om vedtak**

Saka vart handsama i kommunestyremøte den 13.12.2007 i sak 134/07. Vedlagt følgjer særutskrift av saka.

Med helsing

  
Liv Oddrun Ytrebø  
-sekr.-



# HORNINDAL KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG               |            |          |               |
|------------------------|------------|----------|---------------|
| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato   | Saksnr.: | Saksbehandlar |
| Formannskapet          | 04.12.2007 | 048/07   | EN            |
| Kommunestyret          | 13.12.2007 | 134/07   | EN            |

|                             |                       |                        |
|-----------------------------|-----------------------|------------------------|
| Saksansvarleg: Eirik Natvik | Arkiv: 103<br>Objekt: | Arkivsaknr.:<br>07/911 |
|-----------------------------|-----------------------|------------------------|

### Inntektssystemet for kommunane. Uttale til Sørheimutvalet sin rapport.

#### SAKSTILFANG / LOVER / PLANDOKUMENT

- \* Brev av 26.10.07 frå Kommunal- og regionaldepartementet
- \* Utdrag frå Sørheimutvalet sin rapport: Samandrag og mandat
- \* Utdrag frå Sørheimutvalet sin rapport: Vedlegg 1: samla verknad
- \* Inntektssystemet for kommunane – konsekvensar for Sogn & Fjordane – rapport frå eit arbeidsutval, 05.06.07

#### SAMANDRAG.

Sørheimutvalet er eit tverrpolitisk samansett utval som hadde til mandat å sjå på fordelinga av kommunane sine inntekter mellom skatteinntekter og rammeoverføringar og å sjå på trongen for eit "tryggleiksnett" for avvik mellom forventa og faktiske skatteinntekter

Sekretariatet er samansett av rådgjevarar i Kommunal- og regionaldepartementet og Finansdepartementet.

#### FAKTA.

Kommunesektoren vert dels finansiert gjennom skatteinntekter og dels ved overføringar frå staten. Det vert gjennomført ei utjamning av både skatteinntektene og overføringane mellom kommunar og fylkeskommunar ut frå visse reglar og kriterier. Dette for å oppnå eit mest mogeleg likeverdig tenestetilbod over heile landet. Det kan og vere andre mål som ligg til grunn for ei slik utjamning.

Det systemet som er fastsett for utrekning og vurdering av kva inntekter som skal tilfalle den einskilde kommunen og fylkeskommunen er kalla *inntektssystemet*.

Inntektssystemet kan seiast å vere sett saman av to hovuddelar.

Den eine er *utgiftsutjamninga*. Denne inneheld eit sett med kriterium som skal seiie noko om kva (ufrivillige) kostnader den einskilde kommunen og fylkeskommunen har med å gje eit tenestetilbod

innanfor dei viktigaste tenesteområda. Utjamninga av overføringane frå staten skjer med grunnlag i dette. Dei såkalla kostnadsnøklane som ligg til grunn for utgiftsutjamninga er basert på statistikk og faglege studium.

Den andre delen gjeld for det fyrste *inntektsutjamninga*, der kommunane og fylkeskommunane sine skatteinntekter vert utjamna med eit inntektsutjamnande trekk eller tilskot, ut frå ein fastsett modell. I denne delen har ein og *regionalpolitiske tilskot*, som i dag går til små kommunar som har høvesvis låg skatteinngang. I tillegg er det fastsett eit eige Nord-Norge-tilskot. *Selskapsskatten* vert fordelt ut til kommunane i denne delen av inntektssystemet, og det vert og fastsett eit *skjønstilskot* for å kompensere kommunar og fylkeskommunar for spesielle forhold som ikkje vert fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Vidare inneheld systemet ei *overgangsordning* som skal hindre for store utslag av oppgåveendringar eller endringar i inntektssystemet (t.d. innlemming av øyremerka tilskot).

Det som samla vert resultatet av berekningane i inntektssystemet, er kalla *rammetilskotet*. Dette er frie midlar som kommunane kan nytte til dei føremåla dei ynskjer og finn det naudsynt å prioritere, i motsetning til øyremerka tilskot som vert overført utanom inntektssystemet.

Det såkalla "Borge-utvalet" la fram ei innstilling til nytt inntektssystem for kommunar og fylkeskommunar den 10.10.05. Ut frå nokre av fordelingsverknadene av dette framlegget, vart det teke ei politisk avgjerd om å legge det til sides. Det vart i staden lagt opp til eit nytt arbeid med inntektssystemet:

1. Det vart sett ned eit politisk utval som skulle vurdere inntektssystemet for kommunane, med unnatak av utgiftsutjamninga.
2. Departementet skulle vurdere utgiftsutjamninga.

Merk at arbeidet i denne omgangen omfattar kommunane, og ikkje fylkeskommunane.

Rapporten frå det politiske utvalet, "Sørheim-utvalet", låg føre den 26.10.07, og er sendt på ei brei høyring med **høyringsfrist 28.01.08**. Det vert vist til vedlagt høyringsbrev og utdrag.

Regjeringa tek sikte på å foreslå eit samla framlegg til nytt inntektssystem i samband med kommuneproposisjonen i mai 2008.

KS Sogn og Fjordane har fylgt Sørheimsutvalet sitt arbeid. Eit eige arbeidsutval der også fylkesmannen, fylkeskommunen og Vestlandsforsking har bidrege, la fram ein rapport den 05.06.07. I rapporten vert det peikt på ein del sentrale verknader av inntektssystemet som ein bør vere merksam på, m.a. ut frå situasjonen til kommunane i Sogn og Fjordane. Ved nokre høve har KS i fylket presentert sine vurderingar for leiaren for inntektssystemutvalet og innad i KS-systemet.

Nedanfor fylgjer ein kort omtale av dei ulike elementa i Sørheimsutvalet sin rapport:

#### Forholdet mellom skatt og rammetilskot

Å basere noko av finansieringa av kommunesektoren på skatteinntekter har vore sett på som viktig for å ha ei lokal forankring og for å unngå at kommunane heilt ut er avhengige av statlege overføringar. Til større skattedelen er, til meir vil inntektene variere frå kommune til kommune, og til større vil svingingane i inntekter kunne vere frå år til år.

Dei siste åra har det vore sett på som rett, for å balansere ulike omsyn, å halde skattedelen på opp mot 50 %. Utvalet tilrår at dette vert vidareført.

#### Utjamning av skatteinntekter mellom kommunane

Ordninga med inntektsutjamning er i dag slik at alle kommunar som har ei skatteinntekt pr innbyggjar over landsgjennomsnittet får eit trekk tilsvarande 55 % av differansen. På tilsvarande måte får kommunar som har ei skatteinntekt pr innbyggjar under landsgjennomsnittet kompensert 55 % av differansen. Dette kallast symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar som har skatteinntekter pr innbyggjar under 90 % av landsgjennomsnittet får i tillegg kompensert 35 % av differansen opp til 90 %.

Ei vesentleg grunngjeving for ikkje å ha 100 % utjamning av skatteinntektene har vore at det vil redusere motivasjonen for å arbeide med næringsutvikling i kommunane.

Utvalet sitt fleirtal går inn for at den symmetriske inntektsutjamninga vert auka frå 55 % til 60 %, for å oppnå noko sterkare utjamning med sikte på å tilrettelegge for eit meir likeverdig tenestetilbod.

#### Selskapsskatt

Kommunane sine skatteinntekter er dels skatt frå forskotspliktige (personskatt) og dels skatt frå etterskotspliktige (selskapsskatt). Kommunane fekk fram til 1999 ein del av selskapsskatten. I og med at næringsverksemda er ujamnt fordelt i landet, og fordi hovudkontoret kan ligge i andre kommunar enn den kommunen der verksemda og arbeidsplassane er lokalisert, var fordelinga kommunane i mellom svært ujamn. Skatten vart difor ein rein statleg skatt i tidsrommet 1999-2005. Frå 2005 vart ein del av selskapsskatten tilbakeført til kommunane, men då basert på kor stor del av arbeidsplassane i det einskilde foretaket som er lokalisert i den einskilde kommunen. Dette vert berekna og overført som ein del av rammetilskotet, og selskapsskatten inngår i inntektsutjamninga. Også tilbakeføringa av selskapsskatten har som grunngjeving å auke motivasjonen ("insentiva") for å arbeide med næringsutvikling. Det er omtvista i kva grad selskapsskatten og avgrensa inntektsutjamning har ein slik verknad.

Framleis er det slik at selskapsskatten varierer svært mykje mellom kommunane, og frå år til år. Ei anna negativ side ved selskapsskatten som det er peikt på, er at kommunane ynskjer lokalisering til eigen kommune for å få selskapsskatt. Dette kan vere uheldig i høve til eit samarbeid i ein region.

Eit fleirtal i utvalet går inn for å ta selskapsskatten ut av inntektssystemet.

#### Distriktpolitiske tilskot i inntektssystemet

Dagens regionaltilskot går til små kommunar som har høvesvis låg skatteinngang. Kommunar med under 3.000 innbyggjarar (uavhengig av geografisk lokalisering) og med skatteinntekter pr innbyggjar under 110 % av landsgjennomsnittet, får tilskotet, som for 2007 er på kr 5.083.000. Kommunar med mellom 3.000 og 3.200 innbyggjarar får tilskot etter redusert sats, avtrappa med aukande tal innbyggjarar. Grunngjevinga for tilskotet har vore behovet for at desse kommunane skal kunne gie eit betre tenestetilbod enn andre kommunar for å møte sine særlege utfordringar.

Det har og vore fastsett eit eige Nord-Norge-tilskot med høgare sats, og ut frå same grunngjeving. Men her har det og vore ei grunngjeving at kommunane har meirkostnader knytt til klimatiske og strukturelle forhold som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet.

Utvalet går inn for ei omlegging av det distriktpolitiske tilskotet, slik at det omfattar kommunar som er vurdert å ha spesielle utfordringar i høve til distriktpolitiske mål om busetting og verdiskaping. Det er såleis tilrådd at tilskotet går til kommunar som ligg innanfor det *distriktpolitiske virkeområdet* som ligg til grunn for den øvrige distriktpolitikken (og uavhengig av kommunestorleik). Tilskotet vert gradert ut frå kva sone kommunen ligg i og kva verdi kommunen har i høve til "distriktsindeksen" (geografi, demografi, arbeidsmarknad og inntekt). Det er framlegg om at kommunar med skatteinntekt pr innbyggjar under 120 % av landsgjennomsnittet skal få tilskotet, og at 50 % skal gå som ein fast (lik) del til kommunane og 50 % etter innbyggjartal. Det same tilskotet skal omfatte Nord-Norge, men kommunane her får tilskot etter høgare sats enn del fleste andre kommunane som får det distriktpolitiske tilskotet.

### Vekst og fråflytting

Kommunar med svært høg vekst har problem med å tilpasse tenestetilbodet raskt og finansiere denne tilpassinga på kort sikt. Det vert difor tilrådd ein eigen vekstkompensasjon til slike kommunar. At det vert nytta oppdaterte folketal pr 01.01. i budsjettåret for inntektsutjamninga, vil og vere gunstig for vekstkommunane.

Utvalet ser problema fråflyttingskommunar har, og meiner det i framlegget er fleire element som vil vere positive for fråflyttingskommunar. Det vert vist til at ein går bort frå oppdaterte folketal som grunnlag for utgiftsutjamninga og at det vert innført ei ny overgangsordning som hindrar store utslag frå eitt år til eit anna.

### Skjønsmidlar i inntektssystemet

Skjønstilskotet er meint å skulle ivareta ulike forhold som ikkje vert fanga tilstrekkeleg opp i inntektssystemet for øvrig. Vidare peiker utvalet på at tilskotet dels vert nytta til å ivareta regional- og distriktspolitiske omsyn og til å kompensere for endringar i inntektssystemet.

Utvalet har skjønsmessig definert ein andel av dagens skjønstilskot som eit regionalpolitisk tilskot, og trekt denne summen ut av skjønsskema. Vidare er den delen som er nytta til å kompensere for endringar i inntektssystemet trekt ut, og det er trekt ut ein andel som skal finansiere det nye veksttilskotet. Utvalet tek på eit prinsipielt grunnlag til orde for å halde skjønsmidlane på eit lågt nivå.

### Oppdatering av folketal

I dag vert det lagt oppdaterte folketal pr 01.01. i budsjettåret til grunn for inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga. Desse folketal for kvar kommune, fordelt på aldersgrupper, vil ikkje vere kjende før i juni i budsjettåret.

Å nytte oppdaterte folketal vil vere ei føremon for vekstkommunar, og kan medføre store utfordringar for fråflyttingskommunar som må tilpasse sitt budsjett midt i året. Som eit kompromiss mellom fleire omsyn har utvalet tilrådd å nytte oppdaterte folketal for inntektsutjamninga og folketal pr 01.07. året før budsjettåret for utgiftsutjamninga. Det siste vil bidra til ein meir føreseieleg og handterbar situasjon for fråflyttingskommunar. Det er likevel peikt på at effekten av folketalet vil avhenge mykje av fordelinga av folketalet på aldersgrupper. Det er såleis ingen automatikk i at inntektene går ned sjølv om folketalet går ned, eller omvendt.

### Overgangsordninga

Overgangsordninga i dagens inntektssystem er slik at endringar i rammetilskotet som fylgje av innlemming av øymerka tilskot, oppgaveendringar og systemendringar vert gjennomført gradvis over ein femårsperiode.

Utvalet peiker på desse svake sidene ved dagens ordning:

- Ordninga gir ikkje nok skjerming for kommunar som får stor inntektsreduksjon som fylgje av endringar i inntektssystemet. Det har dels vore behov for særskilte kompensasjonsordningar, som ein del av skjønstilskotet, for å bøte på dette.
- Ordninga omfattar ikkje endringar i kriterium i inntektssystemet, t.d. stor nedgang i folketal eller busettingskriterium, sjølv om dette kan medføre svært stor reduksjon i inntektene frå eitt år til eit anna.
- Ordninga vert opplevd som komplisert og uoversiktleg, fordi det vert akkumulert eit stort tal saker som vert lagt inn i overgangsordninga, med mange tillegg og trekk som dels motverkar kvarandre.

Ut frå dette tilrår utvalet ei ny ordning med ein inntektsgaranti. Garantien inneber at ingen kommunar skal få ein vekst pr innbyggjar frå eitt år til eit anna som er meir enn kr 300 pr innbyggjar lågare enn

gjennomsnittleg vekst for kommunane på landsbasis. Det vert gjeve eit inntektsgarantitilskot for å sikre dette, og tilskotet vert finansiert ved eit likt trekk pr innbyggjar for alle kommunane.

Eit oversyn over dei samla verknadene for kommunane i Sogn og Fjordane av Sørheimsutvalet sitt framlegg går fram av vedlegg til saka.

Ei førebels vurdering av utvalet sitt framlegg frå KS Sogn og Fjordane ligg ved som vedlegg til saka. (pressemelding av 26.10.07).

## VURDERING / KONSEKVEN SAR.

I dag varierer føresetnadene for å utvikle tenestetilbodet og utvikle lokalsamfunnet svært mykje mellom kommunar med godt skattegrunnlag og vekst og kommunar som har dårleg skattegrunnlag og fråflytting. At skattedelen av finansieringa ikkje vert auka i høve til i dag, at selskapsskatten vert teken ut av inntektssystemet og at inntektsutjamninga vert auka, er difor viktig for å oppnå meir stabile rammevilkår og eit meir likeverdig tenestetilbod over heile landet. Men dersom endringa skal ha nokon vesentleg effekt for fleirtalet av dei kommunane som slit, må inntektsutjamninga aukast vesentleg meir enn det som er tilrådd av Sørheimutvalet.

Eitt element i høve til selskapsskatten som det ikkje er fokusert så mykje på, er at kommunane ikkje får innsyn i grunnlaget for fastsetjing av skatten. Dette bidreg til at den vert lite føreseieleg, og er eit argument i tillegg til dei andre som er framført.

Det distriktpolitiske tilskotet synest i dag å vere basert på eit nokså tilfeldig grunnlag. Det vert gjeve til små kommunar utan høge skatteinntekter, men uavhengig av geografisk lokalisering. Det er etablert uheldige terskelverknader ved at kommunar under 3.000 innbyggjarar og skatteinntekter pr innbyggjar under 110 % av landsgjennomsnittet får, medan kommunar som er marginalt over desse verdiane ikkje får tilskot. Det synest logisk å knyte tilskotet til dei kriteria som elles er oppstilt i høve til distriktpolitiske utfordringar. På eit prinsipielt grunnlag synest framlegget frå Sørheimutvalet å vere godt. Ein ser at ein del små kommunar som har fått distriktpolitisk tilskot vil tape ein del på omlegginga, og dette gjeld ikkje minst i Sogn og Fjordane. Rådmannen kan ikkje sjå at dette i seg sjølv er eit argument for å gå i mot endringa. Det er likevel eit tankekors at det er dei små, "svake" kommunane som taper, og at det er snakk om så store tal. Når ein og tek omsyn til den delen av tilskotet som utvalet definerer som skjønstilskot, og dette vert trekt ut, taper fylket totalt sett på endringa. Situasjonen i Sogn og Fjordane kan på mange måtar samanliknast med Nord-Norge, noko som også er konstatert i rapporten frå eit arbeidsutval av 05.06.07. Sogn og Fjordane er eitt av fylka med mest spreidd busetnad og størst fråflytting, og fylket har mangel på kraftsentra. Det kan såleis vere grunnlag for å supplere det distriktpolitiske tilskotet med ein skjønssdel for Sogn og Fjordane sin del, eller gje kommunane i fylket tilskot etter ein høgare sats.

Framlegget til distriktpolitisk tilskot må likevel sjåast i samanheng med at utgiftsutjamninga skal gjennomgåast. Her kom Borge-utvalet til at utgiftsulempene for små kommunar har vore undervurdert, og utvalet tok til orde for ein vesentleg auke av basistilskotet. Dersom dette vert fylgt opp, vil det vege opp for det tapet små kommunar no får.

Når det gjeld grunngevinga for det distriktpolitiske tilskotet, synest det vanskeleg med eit mål om *betre* tenestetilbod i dei aktuelle kommunane. Grunngevinga bør vere at distriktskommunar med særskilte utfordringar med m.a. fråflytting og svakt skattegrunnlag skal ha det same handlingsrommet for samfunnsutvikling som andre kommunar, og det same høvet til å utvikle sitt tenestetilbod.

Alt i alt vert det tilrådd at ein sluttar seg til prinsippa i utvalet sitt framlegg til nytt distriktpolitisk tilskot, men ein bør peike på at grunngjevinga bør endrast og dei særlege utfordringane som gjer seg gjeldande i Sogn og Fjordane. Ein bør og gå inn for at skjønsmidlane vart oppretthaldne på eit visst nivå.

Storleiken på skjønspotten bør sjølvstendig og vurderast i lys av framlegget til utgiftsutjamning, og kor godt ein klarer å utforme dei kriteria som ligg til grunn for dette.

I høve til fråflyttingskommunane er det positivt at ein går bort frå å nytte oppdaterte folketal i utgiftsutjamninga, at det inntektsutjamnande tilskotet vert auka og at det vert fastsett ei ny overgangsordning.

Overgangsordninga sikrar at ingen kommunar får ei utvikling som er meir enn kr 300 pr innbyggjar dårlegare får eitt år til neste. Dette medfører meir stabile og handterlege rammevilkår, og ordninga er enkel.

Hornindal kommune vil alt i alt tape ca kr 1,8 mill på framlegget frå Sørheimsutvalet. Verknaden det fyrste året vert eit tap på ca kr 198.000, på grunn av overgangsordninga. Det langsiktige tapet skuldast endringa i det distriktpolitiske tilskotet. Garantien om eit maxtap frå eitt år til neste vil, med uendra folketal og kostnadsnøkkel som i Sørheimsutvalet sin rapport, slik rådmannen tolkar det gi ein nedgang på ca. 360.000 kr. årleg til 1.8 mill. kr. er nådd. Rådmannen har då naturleg nok ikkje kunna ta omsyn til ei evt. generell styrking av kommuneøkonomien så lenge det er avhengig av ulike politiske prioriteringar.

Dersom departementet i hovudsak fylgjer opp Borge-utvalet sitt framlegg til utgiftsutjamning, må det formodast at Hornindal kommune i sum vil kome betre ut enn i dag. Det vert tilrådd at ein tek med i uttalen at kommunen i hovudsak støttar Borge-utvalet sitt framlegg, slik KS i fylket tidlegare har gjort, og at ein tek med dei same atterhalda som KS tidlegare har peika på.

Det kan vere føremålstenleg å halde seg til dei prinsipielle vurderingane av Sørheimsutvalet sitt framlegg, og rådmannen vil såleis ut frå ei totalvurdering tilrå slik uttale:

## **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Hornindal kommune viser til rapport om "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" (Sørheimsutvalet), jfr brev av 26.10.07 frå Kommunal- og regional-departementet.

Hornindal kommune legg vekt på hovudføremålet med inntektssystemet, som er å tilrettelegge for eit likeverdig tenestetilbod i alle delar av landet. I dag har kommunane svært ulike føresetnader for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet, og høvet til å drive lokalsamfunnsutvikling varierer sterkt.

Hornindal kommune vil gje fylgjande uttale til dei ulike delane av framlegget:

Skattedelen av kommunane sine inntekter

Kommunen er samd i at skatteinntekter skal utgjere ein del av finansieringa av kommunesektoren. Men at skattedelen blir halden på same nivå som i dag, og ikkje vert auka, er viktig i høve til å tilrettelegge for eit likeverdig tenestetilbod. Dette fordi skattegrunnlaget varierer mykje mellom kommunane. Vi er difor samde i utvalet si innstilling på dette punktet.

#### Nivå på og utforming av inntektsutjamninga

For å oppnå målsetjinga om eit likeverdig tenestetilbod er det naudsynt med ei sterkare inntektsutjamning. Vi støttar innstillinga på dette punktet, men meiner det bør vere ein vesentleg større auke i inntektsutjamninga enn det som er tilrådd frå Sørheimsutvalet.

#### Selskapsskatten som kommunal skatt

Det er positivt at selskapsskatten vert teken ut av inntektssystemet. Selskapsskatten er uføreseieleg og varierer sterkt frå år til år. Kommunane blir nekta innsyn i skattegrunnlaget. Selskapsskatten bidreg dessutan ikkje til å fremme interkommunalt samarbeid.

#### Regionalpolitisk grunngevinge tilskot innanfor inntektssystemet

Det er viktig at inntektssystemet omfatter eit distriktpolitisk tilskot, slik at distriktkommunar med særskilte utfordringar med m.a. fråflytting og svakt skattegrunnlag kan ha det same handlingsrommet for samfunnsutvikling som andre kommunar, og det same høvet til å utvikle sitt tenestetilbod. Det er dette som må vere den viktigaste grunngevinga for eit slikt tilskot, og ikkje at det skal vere eit *betre* tenestetilbod i desse kommunane.

Hornindal kommune ser at dagens ordning har klare svake sider, og støttar Sørheimsutvalet sitt framlegg til ny innretning av dette tilskotet.

Vi er samde i at det må takast særskilt omsyn til dei spesielle forholda for Nord-Norge. Men det er grunn til å peike på at Sogn og Fjordane i stor grad har dei same utfordringane som Nord-Norge.

#### Behovet for eigne tilskot til vekst- og fråflyttingskommunar

Hornindal kommune er glad for at inntektssystemutvalet ser dei særlege utfordringane fråflyttingskommunar står overfor. Å gå bort frå å nytte oppdaterte innbyggjartal i utgiftsutjamninga (i staden folketal pr 01.07. året før), styrke inntektsutjamninga og forbetre overgangsordninga, er tiltak som betrar situasjonen. Vi støttar og at det er særskilte tiltak for kommunar med ekstrem vekst.

#### Storleiken på skjønssramma innanfor inntektssystemet

Hornindal kommune er usamd med utvalet når det gjeld storleiken på skjønstilskotet. Det er vanskeleg å konstruere eit inntektssystem som tek omsyn til alle forhold som påvirker inntektene og kostnadene. Ein bør difor vere varsam med å redusere storleiken på skjønsmidlane. Men dette må også vurderast i lys av departementet sitt framlegg til nye kostnadsnøklar i utgiftsutjamninga.

#### Ordninga med oppdatering av folketal i utgiftsutjamninga

Å gå bort frå å nytte oppdaterte innbyggjartal i utgiftsutjamninga (i staden folketal pr 01.07. året før), er positivt i høve til å skape ein meir føreseieleg og handterbar situasjon for kommunar med reduksjon i folketallet.

### Behovet for overgangsordningar i inntektssystemet

For å sikre seg mot store, uheldige utslag i inntektssystemet ved endringar, er det viktig med ei god overgangsordning. Framlegget om at ingen kommunar skal få redusert rammetilskotet med meir enn kr 300 pr innbyggjar i høve til gjennomsnittet frå eitt år til eit anna er positivt.

Sørheimsutvalet si innstilling må fylgjast opp med ei grundig vurdering av utgiftsutjamninga. Hornindal kommune meiner Borge-utvalet si innstilling inneber eit godt grunnlag, men barnehagenøkkelen må endrast og kommunale vegar må inn som kriterium i høve til kommunane. Borge-utvalet si innstilling i høve til kostnadsnøklar for fylkeskommunane var derimot for lite gjennomarbeidd.

Eirik Natvik /s.  
- rådmann -

## **04.12.2007 FORMANNSKAPET**

### **FORM-048/07 VEDTAK:**

**Samr.:** Formannskapet rår til at rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

## **13.12.2007 KOMMUNESTYRET**

### **KS-134/07 VEDTAK:**

**Samr.:** Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**Særutskrift til:**

Balestrand kommune  
v/rådmann Vidar Roset

Kommunal- og  
regionaldepartementet

Kommunenes sentralforbund

Kong Beles v 20

Postboks 8112 Dep

Postboks 1378 Vika

6899

BALESTRAND

0032

OSLO

0114

OSLO

Hornindal, den 18.12.2007



Liv Oddrun Ytrebø

- Sekretær -